

ruinane



Kuvøsar bergar liv. For tidleg fødte ungar i Kobanê hadde døydd, hadde den tyrkiskdikterte blokaden vore heilt effektiv. Kuvøsar er importvare, sjølv om dei er av gammal modell. Alle foto: Erling Folkvord

barar. To soldatar i SDF (Dei demokratiske styrkane i Syria) og ein krigsreporter frå pressebyrået ANHA. Daesh drap henne og tolv andre sivile i ein sjølvmondsaksjon.

Familiane og nære vener får plass nærmast dei tre kistene. Eg kjenner igjen fleire frå Senteret for martyrfamiliar. Ei av mødrene bryt saman da seremonien ved dei nye gravene er slutt. Den hulkande gråten går over i desperate skrik. Dei som står nærmast, omfamnar henne og prøver å få henne på beina. Men det nyttar ikkje. Ho blir sitjande, med stillferdige og omsorgsfulle medmenneskje rundt seg.

Eg, som berre er utlending på gjennomreise, får ikkje skrika hennar ut av hovudet. Men av og til overtar dei glade fjesa frå barnefestivalen. Baqi Khado-senteret gav krigstraumatiserte ungar to dagar med oppmuntring og glede.

KVINNESJUKEHUSET

Krigen øydela sjukehusa i Kobanê. No er to nye sjukehus i drift. Det eine er berre for kvinner. Dei fleste pasientane, både på venterommet og i dei tjue pasientromma, avviser fotografering. Men på fødeavdelinga får eg ta bilete av to som ikkje kan seie nei: eit lite tvillingpar i ein av dei to kuvøsansane. Hadde den tverrstatlege blokaden av Rojava vore heilt tett, hadde dei ikkje levd. Kuvøsar er importvare.

Når vi er ute på gata igjen, ser eg sorg, glede og eit uku-



eleg pågangsmot i augo hos dei vi møter og dei vi snakkar med. Det blir fleire minnehøg-tider og fleire martyrfamiliar i Kobanê. Den nye tyrkiske invasjonen har nettopp starta sør for Afrin. Det er ikkje langt unna. Og krigen mot Daesh er ikkje slutt. Raqqa vart frigjort tre dagar etter gravferda, men Daesh er ikkje knust. Og sjølv om Kobanê reiser seg, går det altfor seint.

Ein del av sentrum skal ikkje byggjast opp igjen. Ruinane etter meir enn 200 hus skal bli verande slik dei er. Bydelen blir eit museum som skal minne nye menneske om offera som måtte til for å nedkjempe Daesh-fascismen.

Erling Folkvord er tidlegare sosialarbeidar og representant for Stortinget og i Oslo bystyre for partiet Raudt.



- Her har eg budd heile livet. Eg såg korleis dei flytta grensa, seier mannen som står som nummer tre frå venstre. Han vil helst ikkje ha namnet sitt på trykk.



Det ser dårleg ut for myten om at tenåringar er sløve unnasluntrarar. Foto: Berit Roald / NTB scanpix

Vaken ungdom

Dersom tenåringar får gå på skulen litt seinare, følgjer ein heil kjedereaksjon av fordelar, melder forskning.no



MONE CELIN SKREDE
mone.celin@gmail.com

Kommentar

Eg trampar i storm og horison-talt regn ned bakken til barn- domsheimen. Klokka er nett sju, eg er 15 år og går på ungdoms- skulen i nabobygda. Og eg veit eg vert for sein.

– Var det ikkje bussen din som gjekk der? ropar mor mi frå gan- gen.

– Han gjekk frå meg, mumlar eg ned i det våte ullskjerfet mitt. – Kva?!

Ho stikk hovudet forbi dørkar- men.

– Han gjekk frå meg! Han såg meg ikkje, ropar eg.

For i små uvørsutsette bygder med dårleg gateløys må ein nesten stå midt i vegen for å kome med skulebussen.

Eg gjespar, får i meg ein munnfull vått skjerf og skulle ønske eg hadde forsove meg. Ventar eg på neste buss, får eg sove ein halv time til, tenkjer eg drøymande. Men då risikerer eg merknad. Og eg kjem jo ikkje halsande inn klasseromsdøra med svevnrusk i auga, med berre éin lest og på tom mage, ein time for seint. Eg var jo oppe!

Eg ser bedande opp på mor mi. Ho sukkar og skranglar med bilnøkklane.

No ser det ut som forskning. no har slått spikaren i kista for myten om at tenåringar er sløve unnasluntrarar. For dersom ten- åringane får starte på skulen sei- nare, vil dei ikkje berre få sove lenger. Karakterane stig, dei gjer meir lekser, fleire fullfører sku- len og talet på dødsulukker i tra- fikken vil gå ned. Uviljen mot å stå opp om morgonen er ikkje lenger berre manglande sjølv- disiplin, tenåringane er biologisk programmerte til å stå opp etter åtte. Men er det så enkelt?

Éin av fire fullfører ikkje vida- regåande skule. Og det nyaste til- taket mot fråfall i skulen var frå- værgrensa. Ho fungerer ikkje slik det var ønskt, rapporterte NRK alt i mars i år, eit halvt år etter at grensa var innført. Frå-

været gjekk rett nok ned, men tala viste òg at talet på elevar som mista karaktergrunnlaget, steig i alle fag. Dersom éin time ekstra om morgonen er ein slik hestekur, freistar det å leite etter haken. Kan ein verkeleg leggje all skulda på svevnmangel? Riks- kringkastaren melde så i august at talet reseptar på antibiotika og lett sovemedisin hadde auka med 25 prosent etter fråværs- grensa, og bruken av sovemedi- sin hadde auka med 29 prosent. Når antibiotikaresistensen tru- gar, er seinare skulestart bok-

«Uviljen mot å stå opp

om morgonen er ikkje

lenger berre man-

glende sjølvdisiplin.»

staveleg tala ingen pris å betale, seier forskinga. Etter eingongs- kostnaden med å legge om sku- ledagen, ville samfunnet nemleg tent milliardar av kroner.

Eg hadde antakeleg heller ikkje mista bussen, hadde skule- ruta venta til det vart lysare ute.



Tenåringar med svevnmangel er like farlege i trafikken som promillekøyrrarar. Foto: Gorm Kallestad / NTB scanpix